

Kjekt og lærerikt med arbeidsveke.

09.06.2017



Fredrik Haugland hadde hatt ei flott arbeidsveke på Vikjo.

Denne veka har 9.klasseeleverne ved Rosendal ungdomsskule hatt arbeidsveke. No er dei fire dagane ferdige, og vi har snakka 7 elevar som har vore i arbeid i Uskedalen om erfaringane. Alle er samstemte om at det har vore eit kjekt avbrekk frå dei vanlege skuledagane. Felles for alle var at dei var svært fornøgde med måten arbeidsplassene hadde tatt mot dei på.

Runden vår starta hos Byggeriet Uskedal Trelastlager AS på Vikjo. Der var Fredrik Haugland i full sving. Då vi var innom, var han ivrig opptatt med ryddearbeid, men han kunne fornøgd fortelja om ei kjekk veke med mange og varierte oppgåver. Han hadde vore med og laga til bestillingar, og han hadde vore med og levert varer. Han viste meg også ein feiemaskin som han hadde brukt for å halda det reint og ryddig for sagflis, og heilt strøkent hadde han fått det i 'sagekroken' der han var då eg var innom. Like på førehand hadde dei vore til Husnes og henta vognene som skal henga etter traktortoget på Aktivitetsdagen laurdag.

- Eg har hatt ei kjekk veke der eg har fått mange forskjellige oppgåver, avslutta Fredrik Haugland.

På Uskedal skule hadde det vore tre unge 'lærarar'. Det var Sander Simensen Haraldseid, Martin H. Arnesen og Viljar Simonnes Tveit. Dei hadde vore fordelt i dei yngste klassane med Viljar i 1.klasse, Sander i 2. og Martin i 3.klasse. Då eg kom til skulen, var dei små allereie ferdige med skuledagen. Eg trefte først på Sander og han kunne fortelja at han hadde hjelpt til med undervisninga i klassen. Han syntes han hadde hatt det kjekt, og syntes ikkje det var så mykje stress sidan elevane var så unge, og så hadde dei også vore litt ute. Det var kjekt. Nokre elevar som kom forbi under samtalen, syntes det hadde vore kjekt å ha dei unge 'lærarane'. Litt seinare trefte eg på Viljar og Martin. Dei var heilt einige med Sander i at det hadde vore veldig kjekt, men det hadde også vore litt slitsomt. Dei hadde merka at det vart langt mellom pausane når dei jobba med så små elevar. Det var alltid nokon som ville ha kontakt.

På Spar Uskedalen har Ida Marie Kildal Eidsvik og Caroline Kjerpeseth vore i full sving denne veka. Dagleg leiar Bente Nilsen var full av lovord om dei to jentene, og ho var storleg imponert over arbeidsinnsatsen deira. Sjølv såg eg at dei var raske i snuen og effektive i arbeidet då eg var innom butikken i løpet av veka. Å ha det travelt er tydeleg heilt greitt, for både Caroline og Ida Marie var veldig fornøgde med jobben sin.



Thea Soltveit Taranger kosa seg saman med Ingrid, Madel og Nora

Siste besøk var i Dønhaug Gardsbarnehage. Der var Thea Soltveit Taranger i full aktivitet med hammar og spikar då eg kom. Rundt henne var tre ivrige jenter, Ingrid, Madel og Nora, som var svært ivrige etter å læra seg å spikra. Det var tydeleg at dei kosa seg, alle fire.

- Dei er så snille og gøye så eg har hatt det veldig fint. Det er kjekt å vera med dei, og det er kjekt å prøva noko anna. Det har vore veldig gøy og lærerikt denne veka, sa Thea.

Resten av elevane frå Uskedalen har vore spreidd rundt på arbeidsplasser i Kvinnherad med unntak av Sondre Klyve som har vore i Fusa. Arbeidsveka er ein fin måte for dei unge å skaffa seg lærdom og erfaring frå livet utanfor skulestova.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.